



Siv Jorunn Anfinsen frå Utåker er nytilsett på Zjakk i Uskedalen

Siv Jorunn Anfinsen frå Utåker er tilsett som ny frisør på Zjakk frisørsalong i Uskedalen. Ho deler veka på Uskedalen og Valentin Hårstudio på Valen. Siv Jorunn har mange års erfaring i frisørfaget. Ho kan på sin CV syna til ei solid utdanning og brei erfaring frå ulike frisørsalongar. I 10 år dreiv ho sin eigen salong på Valen.

Klara Bakke er ute for tida grunna helseproblem, truleg med årsak frå frisørfaget. Ho er godt nøgd med tilsetjinga av Siv Jorunn og veit at med henne har ho ein frisør som erstattar henne fullt ut. Å vera frisør kan vera krevjande i periodar. Du skal kjenna kundane dine frå mange sider og hendingar i livet. Nokre kjem til frisøren i forkant av ei gravferd og kan vera i sorg eller påverka av situasjonen. Andre skal høgtida brudlaup, konfirmasjon eller dei vera med på store markeringar. Alle er ulike og frisøren må tilpassa seg og ta omsyn til personen og livsfasane. Å vera frisør er eit kreativt fag og du må vera nøyaktig i alt du gjer.

Siv Jorunn Anfinsen har fagbrev frå frisørsalongen Bella Vita med Kjersti Kaldestad i 1993. Ho jobba to periodar på Stord og har vore innom nokre frisørsalongar på Husnes. Kundane i Uskedalen vil møta Siv Jorunn 3 dagar i veka. Dei to neste dagane er ho på Valentin, ein salong Zjakk eig og driv.

Uskedalen.no helsar Siv Jorunn Anfinsen velkomen til bygda. For dei som er kundar på Zjakk, vert det mange gilde stunder i stolen med to dyktige frisørar i arbeid.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Siv Jorunn saman med Ann-Christin Huke, innehavar saman med Klara Bakke.